



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/71 - 15/25520

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.07.2015

Dispensasjon for oppføring av garasje med brukseining - gbnr 233/113

Administrativt vedtak. Saknr: 323/15

Tiltakshavar: Mary-Ann og Bjarne Holsen

Søknadstype: Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) § 19-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av garasje med bustad nr.2 på eigedom gbnr. 233/113. Utnyttingsgrad er opplyst til 12 %-BYA. Tiltaket vil ha eit bygd areal (BYA) på om lag 85,7 m² jf. målsett situasjonsplan datert 03.12.14.

Det er søkt om dispensasjon frå § 2 i gjeldande reguleringsføresegn.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.01.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden er innkommen før 01.07.15 det er ikkje lovbestemt sakshandsamingsfrist på søknaden.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen - Område B4. Del av gnr. 233 bnr. 6 og 7/planid.: 1263-07011985 er definert som bustadføre mål.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er synt på plankart med omriss av planlagde bygg, med BYA (estimert i Gemini) på om lag 104 m².

Eigedomen ligg utanfor 100-metersbeltet langs sjø, og er ikkje i strid med forbodet i pbl § 1-8.

Dispensasjon



Vi forstår søknad om dispensasjon til å gjelde løyve til å føre opp skildra bygning med bustad i 2. etg. og garasje på grunnplanet. Tiltaket krev i tillegg dispensasjon for plassering av tiltaket jf. plankart, og frå § 3 i gjeldande føresegn i høve tal etasjer. Det går fram av søknad om dispensasjon at det omhandlar oppføring av frittliggjande garasje med bustad på 2.plan.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Søknad om dispensasjon gnr 233 bnr 113, Indre Eide

Tiltakshaver ønskjer å bygge frittliggende garasje med leilighet/bueining på loft. Plassering av tiltaket er vist på situasjonsplan.

Tiltaket kjem i konflikt med § 2 i reguleringsføresegner i reguleringsplan for Ostereidet B4, der det er vist ein frittliggjande einebustad pr tomt.

Etter §19-1 i PBL søker vi herved om dispensasjon frå § 2 i føresegnene til reguleringsplanen. Ein søker om dispensasjon til å få bygge to frittliggjande bueiningar på denne tomten (233/113).

Grunnar til at vi søker om dispensasjon er:

- I reguleringsplanen så er dette området satt av til to tomter med ein einebustad på kvar tomt. På eit seinare tidspunkt så har kjøparen av desse to tomtane fått slått dei i saman til ein stor tomt på over 2,1 dekar. Ved at ein no ønskjer å bygge bustad nr 2 på tomten så vil det være i tråd med reguleringsplan, bortsett fra at tiltaket ikkje kjem på ein separat tomt.
- Ei ekstra leilighet på denne tomten vil være ein fordel for ålmenta då det vil bidra til at det blir fleire bueiningar i området.
- I byggefeltet er det opprinnelig tenkt to bustader på dette området, slik at infrastruktur som vei, vatn og avløp er allerede dimensjonert og tilrettelagt for det.
- Avkjørsel til tomten vil være uforandra.
- Tiltakshavar kan søkje om fradeling for å få løyve til å føra opp ei bueining på tomt nr 9 (ref. reg plan), men ein ønsker å unngå det da ein vil beholde tomtestørrelsen slik den er i dag.
- Gbnr 233/113 er så pass stor (2,1 dekar) at det er plass til både frittliggjande einebustad og garasje med leilighet samt tilhøyrande parkeringsplassar og uteopphaldsareal.
- Utnyttingsgraden blir på ca 12 %, og er dermed godt under tillatt BYA på 20 % bygd areal som er satt i kommuneplanen pkt 2.14.
- Tiltaket vil ikkje råka almenne interesser.
- Slik vi ser det så vil heller ikkje tiltaket være til sjenanse for naboar.

Vår vurdering er at ved å gje dispensasjon, så er fordelane større for ålmenta enn kva ulempene er.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtak om dispensasjon til klagevurdering som regional planstyresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det vert gjeve fritak frå yttarlegare varsling av dispensasjonssøknaden med omsyn til tal etasjar og plassering av tiltaket, då naboar og gjenboarar gjennom opphøveleg varsel er gjort kjent med etasjetal som er omsøkt og plassering av planlagd tiltak, og har hatt høve til å ivareta sine rettar. Fritak vert heimla i pbl § 21-3, 2.ledd.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gbnr. 233/112 ved brev av 19.12.14, for merknad i heilskap vert det vist til vedlegg:

Vi viser til motteke nabovarsel vedrørande søknad om dispensasjon gnr. 233 bnr. 113 i Lindås kommune. Som eigarar av naboeigedomen, gnr. 233 bnr. 112 har vi følgjande kommentarar / innvendingar til denne dispensasjonssøknaden:

- Dagens avkjørsel til eigedom 233/113 er ikkje i samsvar med teikningar for feltet slik vi blei førelagt før anleggsarbeidet starta i 2001. Djønne maskin etablerte ein midlertidig avkjørsel som seinare har vorte nytta til permanent bruk. Vi har sidan 2003 bedt om at det vert opparbeidd ein godkjent avkjørsel til gnr. 233 bnr. 133 som er i tråd med reguleringsplan og byggjemelding. Vårt brev datert 10.11.2003 (vedlegg «merknad avkjørsel») har vi så langt ikkje motteke svar på. Dagens avkjørsel kjem inn på skrå i vegen opp til vår eigedom og avkjørselen er trafikkfarleg pga. dårleg sikt og stigning. Avkjørselen til gnr. 233 bnr. 113 må leggjast om for eksempel slik som teikning (vedlegg «situasjonsplan m stipla veg») viser. Dette er også i tråd med etablert asfaltert vegstubbe og intensjonen med denne. At tiltakshavar no ynskjer å utvida med ein bustad nummer 2 vil føra til auka trafikkgrunnlag og vil gjera trafikkbiletet og tryggleiken endå verre.
- Det må framleis vera ein felles avkjørsel til tomta.
- Vi ber også om ein meir utfyllande situasjonsplan som viser planlagt veg, parkeringsareal, uteopphaldsareal og grøntareal på eigedom 233/113.
- Vi ber også om fasadeteikningar av det planlagde bygget.
- Vi ber om at fasaden som vender mot vår eigedom har minimalt med vindaug mht innsyn til vår etablerte uteplass.
- Vi ber om at det tiltenkte bygget vert plassert nærare hovudhuset, då den planlagde plasseringa vil medføre stort tap av utsikt og sol frå vår etablerte uteplass. I 2008 mottok vi søknad for garasje m/loft og vi har framleis dei same spørsmåla som vi stilte den gongen, sjå vedlagt «svar til nabovarsel 14.12.08» samt «svar til merknad frå tiltakshavar 22.01.09» som vi ynskjer å få svar på.
- Vi set pris på om tiltakshavar/ansvarleg søkjar tek kontakt med oss for felles synfaring på eigedomane.

Tiltakshavar har kommentert nabomerknad ved brev datert 05.01.15. Tiltakshavar opplyser at: Vedlagt følgjer merknader som vi har mottatt frå eigarane av Ørnnova 41 på Ostereidet.

Vi har valgt å ikkje kommentera enkeltpunkta i denne merknaden.

Vi vil allikevel gjere oppmerksam på at vi har flytta bygget nærmare eksisterande bustad, enn det som var vist i garasjesøknaden som vart sendt til kommunen i 2008/2009. Dette er gjort for å i møtekomma ønskje frå nabo jfr pkt 3 i merknad datert 10.12.2008.

Vedr etterlyste tegninger så vil dei bli utarbeida i forbindelse med byggesøknaden.

Ber om at Lindås kommune vurderer dei innkomne merknadane i forbindelse med behandlinga av dispensasjonssøknaden.

Vi oppfordrar kommunen til å ta ein felles befarings med tiltakshavar, nabo og ansvarleg søker.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.12.14. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,7 meter. Det ligg føre privatrettsleg avtale med eigar av gbnr. 233/119 for nemnd plassering.

Tiltaket er plassert utanfor vist bygningsplassering i plan, det er søkt om dispensasjon frå nemnde paragraf i føresegna. Tiltaket er plassert i samsvar med regulert byggegrense mot veg.

Bygningsutforming

Situasjonsplan syner plassering av tiltaket med hovudmøneretning som på gbnr. 233/112 og 111 (tomt 8 og 7), vidare er det synt ark i takflate mot nord-aust og sør-vest.

Vedlagd teikning lagt til grunn ved førehandskonferanse syner mønehøgde på 6,505 meter, situasjonskart lagt til grunn ved førhandskonferanse opplyser at høgde på topp ringmur vert kote + 87,75 m.o.h. høgde på møne/gesims på tiltaket vert då om lag kote + 94,3 m.o.h.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det må i samband med byggesøknad søkjast om løyve til påkobling/utvida bruk hjå Teknisk drift.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Tiltaket fører til auka bruk av avkjørsle og det må i samband med byggesøknad dokumenterast at sikt i høve avkjørsla stettar følgjande:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Terrenghandsaming

Ved søknad om løyve til tiltak skal situasjonsplanen syne uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering/garasjeplassering og avkøyrsl.

Teikningar/snitt skal syne eksisterande og nytt terreng, og plassering av tiltaket i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Eigdomen gbnr. 233/113 omfattar tomt nr. 9 og 10 i gjeldande reguleringsplan. Det er no søkt om dispensasjon for å få lov til å føre opp garasje med bustad på 2.plan. Synt plassering av garasje med bustad er ikkje i samsvar med plassering vist på plankart og referert til i § 2 i føresegna. Tal teljande etasjar vert høgare enn det det er opna for i § 3 i føresegna.

Om tomt 9 vert realisert gjennom frådeling frå gbnr. 233/113 ville ein utan å søkje om dispensasjon frå tal bustadar per eigedom, kunne føre opp frittliggjande einestad på tomta, med tilhøyrande parkering og avkjørsle.

Vi kan ikkje sjå at vi ved å dispensere frå tal bustadar på gbnr. 233/133, undergraver intensjonen i gjeldande reguleringsplan. Planen vil framleis kunne la seg realisere ved framtidig frådeling av arealet avsett som tomt 9 i gjeldande reguleringsplan.

Med unntak av aktuell tomt (tomt 9) er det berre 2 attverande eigedomar i planområdet (tomt 6 og 12) som ikkje er bygd på. Området er soleis i praksis utbygd. Bustadane som er ført opp i planområdet er godkjent med inntil 2-3 teljande etasjar. Avgrensing i plan med omsyn til tal etasjar i § 3 er soleis undergravid i planområdet og kommunen vurderer det slik at likhetsprinsippet vert gjeldande og aksepterer tal høgder for planlagd tiltak, i den utstrekning (takkontruksjon) synt på situasjonskart datert 03.12.14 viser.

Med omsyn til plassering av tiltaket utanfor tilvist område, bustadplassering, synt på gjeldande plankart har kommunen lagt til grunn at fotavtrykket synt på situasjonskart datert 03.12.14 er mindre enn det som er vist i plan. Utnyttinga av tomt 9, dersom den vert realisert gjennom frådeling, er soleis i tråd med reguleringsplanen. Vi kan ikkje sjå at omsynet med avgrensing av ein bustad per eigedom vert vesentleg tilsidesett då plankartet syner at eigedom gbnr. 233/113 omfattar to regulerte bustadtomter (tomt nr. 9 og 10)

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå §§ 2 og 3 i gjeldande reguleringsplan. Vi finn at omsyna som planen skal i vare ta ikkje vesentleg vert sett tilside gjennom dispensasjonen.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre privattrettsleg avtale med heimelshavar av gbnr. 233/119, datert 18.11.08 med omsyn til avstand til eigedomsgrense på 0,7 meter. Avtala bør tinglysast.

Den aktuelle eigedomen, gbnr. 233/199, er regulert til friareal og er bratt og utilgjengeleg ned mot osterfjorden. Plassering av tiltaket slik som omsøkt vil ikkje verte til hinder for ålmenta med omsyn til ferdsel.

Nabomerknad

Nabomerknadar går i hovudsak ut på tap av utsikt som følgje av oppføring av det aktuelle tiltaket, auka trafikkgrunnlag, avkjørsle til eigedom gbnr. 233/113. Det vert vidare etterspurd utfyllande teikningsgrunnlag og situasjonsplan, samt at tiltaket vert flytta nærare etablert bustadhus på gbnr. 233/113.

Tiltaket er planlagd plassert med topp ringmur på kote + 87,75 m.o.h. Med omsyn til byggesak 2008/2389, so vart denne avslutta utan handsaming i 2013. Det går fram av søkjar si uttale med omsyn til nabomerknadar at tiltaket er flytta nærare etablert bustad på gbnr. 233/113 som følgje av merknadar i sak 2008/2389. Merknad frå 2008 har soleis ført fram og plassering av tiltaket er justert.

Per no er det berre søkt om dispensasjon for oppføring av garasje med bustad på 2.plan. Tiltaket vil måtte nabovarslast når det er ferdigprosjekttert, ved nabovarsling byggetiltak skal det ligge ved situasjonsplan, samt snitt- og fasdeteikningar av tiltaket.

Kommunen legg til grunn at trafikktilhøva vart vurdert i samband med utarbeiding av reguleringsplanen godkjent i 1985. Eigedom gbnr. 233/113 omfattar to av tomtene som går fram av tomtedelingsplanen i reguleringsplanen for området. Vi kan soleis ikkje sjå at etablering av bustad på tomt 9 fører til auka bruk av området i høve det som vart lagt til grunn når planen vart godkjent.

Med omsyn til avkjørsle so vil det ved søknad om byggeløyve måtte søkjast om utvida bruk av etablert avkjørsle.

Tomtedelingsplanen synt i gjeldande plankart gjev eigar rett til oppføring av frittliggjande bygning på arealet. Arealet kan frådelast frå gbnr. 233/113 i samsvar med gjeldande tomtedelingsplan og bebyggast med frittliggjande einbustad samt parkering i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Det er god avstand mellom tiltaket det vert søkt om dispensasjon for og bustad på gbnr. 233/112, avstand er i Gemini estimert til om lag 9 meter, og avstand til eigedomsgrense er estimert til om lag 6 meter. Etablering av det omsøkte tiltaket vil redusere utsikten frå etablert uteplass på gbnr. 233/112, men det vert igjen ein open korridor nord-aust for tiltaket. I tillegg til avstand på 6-8 meter mellom etablert uteplass på gbnr. 233/112 og planlagt tiltak, er det ein høgdeforskjell på mellom 2-4 meter mellom planert område på eigedom gbnr. 233/113 og uteområdet på gbnr. 233/112 etablert i to terrasser. Avstand mellom planlagd tiltak og aktuelle uteopphaldsareal samt høgdeforskjellen tilseier at nabo si interesse med omsyn til lys-, sol og utsikt ikkje vert råka hardare enn det ein må pårekne når ein busett seg i område sett av og regulert til bustadføremaal.

Kommunen har forståing for at naboar opplever tiltaket som ein ulempe for deira eigedom. Området har vorte utbygd i ulike etappar og den aktuelle eigedomen har vore ubebygd fram til 2000-talet. Frå bustad på

gbnr. 233/112 vart oppført på 80-talet og fram til 2000-talet har eigedom gbnr. 233/133 vore ei naturtomt og ein har inretta seg etter det.

Området – Område B4 er eit regulert bustadfelt, der alle som kjøper tomt/bustad er klar over at det eventuelt vil bli ført opp nybygg, anten i form av bustadhus eller garasjer i tilknytning til bustadhus. Plankartet for området viser ein tomtedelingsplan som kjøparar og innbuarar i området må inrette seg etter.

Utgangspunktet etter plan- og bygningslova er at ein må akseptere endringar i eit nabolag i tråd med utviklinga. Ein må difor rekna med at ein kanskje ikkje får behalde den utsikta ein hadde opphavleg.

Kommunen har forståing for at det vert opplevd som ei fortetting når det på attværande ubygdde tomter i , nærast ferdig utbydde reguleringsplanar, vert ført opp bustadar. Ulemper som følgje av realisering av det planlagde tiltaket er ikkje større enn det ein må pårekne i tettbygde strøk.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Søknaden er levert før 01.07.15. Vedtak er heimla i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27 juni 2008 nr. 71. Ajourført med endringer, senest ved res. 22 juni 2012 nr. 574 (i kraft 1 jan 2013 ob ved lov 10 aug 2012 nr. 61.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §§ 2 og 3 i - Område B4. Del av gnr. 233 bnr. 6 og 7/planid.: 1263-07011985 for oppføring av garasje med bustad på 2.plan. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det må dokumentast at sikringstiltak med omsyn til offentleg leidningsnett er utført jf. snitt av sikringstiltak 30.11.12.
2. Maks møne-/gesimshøgde for tiltaket vert sett til + 94,75 m.o.h. jf. pbl § 29-4, 1.ledd.
3. Tiltaket fører til auka bruk av avkjørsle og det må i samband med byggesøknad dokumenterast at sikt i høve avkjørsla stettar følgjande:
 - Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
 - Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no
4. Øvrige merknadar frå gbnr. 233/112 vert ikkje teke til følgje.

Vedtak om dispensasjon gjev ikkje løyve til å gå i gang med arbeid på eigedomen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Dispensasjonsløyvet er gyldig i 3 år etter at dette løyvet er gitt jf. pbl. § 21-9.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Kartbasis	1 x 500,-	Kr. 500,-
9.1.5	Dispensasjon frå reguleringsplan	2 x 8.400,-	Kr. 16.800,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 17.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/71

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Snitt som syner planlagt sikring av eks kloakk ved bygging av garasje - gbnr 233113 Eide indre - hist sak 08_2389
Situasjonsplan og tegning av garasje gbnr 233-113

Kopi til:

Bjarne og Mary Ann R Holsen	Ørnnova 39	5993	OSTEREIDET
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS

Mottakrar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------